

## JORDBÆRSESONGEN I SØR NOREG, OG KAMPEN MOT GRÅSKIMMEL.

Diverre er det slik at mange jordbær dyrkarar i sørlege deler av landet ser ein i utgangspunktet flott jordbærsesong gå dukken. Dette er fyrst og fremst trasig og økonomisk vanskeleg for dei bøndene som opplever dette. Norsk Bonde- og Småbrukarlag vil gjerne vera med å diskutera tiltak for å hindra at slikt skjer i framtida, men og diskutera økonomiske støtteordningar over jordbruksavtalen. Bondelaget og Agderbær bed om møte med departementet for å finna tiltak som hjelper økonomisk for dei råka produsentane, men dei er som vanleg ikkje interessert i å ta med Norsk Bonde- og Småbrukarlag i slike samtalar. Dette er til å beklaga.

Eg registrerer at fleire er ute med meir eller mindre seriøse utspel omkring soppangrep og resistens omkring eit problem som alltid vil vera til stades, og som vil variera med ulike klima- og vèrtilhøve i ulike deler av landet. Populismeutspel ser me og, mest alltid like usympatiske og lettvindte kvar gong.

Denne gongen er det jordbærprodusentar i Sør Noreg som er råka, neste gong vil det vera bønder andre stader som opplever slike katastrofar. Naturen kan vera lunefull og hard, og det er truleg smart å erkjenne at slik vil det og alltid vera. Det er kun kunnskap, tillært røynsle og ein respektfull haldning til natur og naturkrefter som i framtida vil gjera oss bønder i stand til å takla slike gjentakande katastrofar.

Som fruktbonde, utdanna i Grimstad, Aust Agder, veit eg gjennom eit langt yrkesliv at soppen lurar deg gong på gong dersom du ikkje gjer dei rette tiltaka til rett tid. I jordbærproduksjonen på friland har dyrkarane no 4 ulike sopp-plantevernmiddel å bruka mot gråskimmel. Felles for dei alle er at dei utviklar resistens hjå gråskimmelsoppen dersom dei blir brukt feil. Jordbærprodusentar veit dette, og dei fleste vil ta omsyn til kunnskapen. I ein hektisk kvardag der store areal skal sprøytast, kan det vera aktuelt å bruka det same middelet fleire gonger. I Plantevernplanen frukt og bær 2016, står det utførleg at bruk av eit middel skal max utførast 2-3 gonger pr sesong. Dersom dei ulike midlane er «i nær slekt», grupperer seg i same soppmiddelgruppe, må dette også takast omsyn til i val av middel.

Sjølv i Noreg vil ein jordbæråker på 20-100 daa( berre eit tenkt eks) framstå som monokultur for gråskimmelsoppen. Reine klondyke for sopp sporer som finnst over alt, og som i det fuktige vèret formeirer seg i stor fart. Produksjonsmåten vert dermed også avgjerande for graden av skade, dobbel rekkjer med lite gjennomlufting, mykje regn, tett plantedekke og nærleik til jord med jordsprut er avgjerande. Dei store samanhengjande areala med jordbæråkrar som me har utvikla oss mot også i Noreg, vert med andre ord svake mot naturkrefter når desse ikkje spelar på lag.

Det har vore skriva at ein må bruka pengar på å leita opp resistente planter(jordbæråkrar), og dermed formeira planter av desse. Enno har me ikkje funne opp den fullstendig friske kyra eller sauene som mjølkar max eller får store, fine, friske lamb utan å nokonsinne vera sjuk. Det greier me nok heller ikkje med jordbærplanter, alltid vil det vera andre sjukdomar som dukkar opp.

I Nationen fredag 15.juli har Erling Kjekstad ein «fredagsprat» om jordbæra. Han ser løysinga i stordrift, og at dette vert det mest miljøvenlege i framtida også for jordbær. Synet hans reflekterer at mennesket(bonden) alltid vil finna tekniske løysingar som overgår naturen, slik at me slepp å ta stilling til korleis me disponerer jordbruksareala våre. Ein slik tankegang skal effektivt avvæpna oss som stiller spørsmål ved produksjonsmåtar, arealbruk og den mykje omtala strukturen i jordbruket.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag har mykje kunnskap omkring jordbruk, differensierte produksjonsmåtar, om jordbrukskjemi- og om agroøkologi. I etterspelet etter «jordbærkatastrofen» på Sørlandet 2016, trur eg kunnskap om jorda og naturen, litt audmjukheit og respekt for naturleg levande organismar er nyttig å ta med seg. Kunnskap basert på forskning, saman med tillært røynsle- og vissa om at stordrift absolutt ikkje treng å vera det saliggjerande, er nok ein betre resept. I spørsmålet om gråskimmelen og jordbæra ,kjenner eg meg trygg på at løysinga må liggje ein stad der me ikkje «provoserer» soppen i for stor grad, anten med feil bruk av plantevernmiddel eller

produksjonsmåte. Inntil så skjer er Norsk Bonde- og Småbrukarlag med på å finna gode løysingar for dei jordbærproduzentane som er råka dette året. Som fruktbonde har eg erfart korleis naturen tek innersvingen på deg. Det svir. Kunsten i framtida vert å koma opp med ordningar som verkar fornuftige i ei tid der katastrofar i jordbruket vil oppstå oftare.

Arne Lofthus  
Konstituert leiar  
Norsk Bonde- og Småbrukarlag